
Notat

Til: Plan- og forvaltningsstyret

Frå: Rådmannen

Arkivsak
16/74

Arkivkode
PLAN L12

Dato
31.08.2017

Sak: Tillegg til saksutgreiing. Reguleringsplan for Heggmyrane - sentrale deler 3. gongs handsaming. Plan id 1426-2013005

Advokat Johannes Hauge har i telefonsamtale i dag gjort merksam på at han 11.04.2017 sende inn merknad på vegne av Asta og Einar Nygard, eigarar av gnr. 152, bnr. 1. Advokat Hauge kan ikkje sjå at denne merknaden er omtalt i saksutgreiinga knytt til PFV-sak 50/2017.

Rådmannen har undersøkt saka nærare.

Det er rett at denne merknaden ikkje er teken inn og vurdert i saksutgreiinga. Brevet av 11.04.2017 er registrert som dokument nr. 42 i saka, motteke 21.04.2017. Reguleringsframlegg for Heggmyrane låg ute til 2. gongs ettersyn 22.05. – 08.07.2017. Einar Nygard har, saman med Birgit Melheim, levert inn ny merknad, dat.07.07.2017. Denne merknaden er handsama i saksutgreiinga, som merknad nr. 7. Nedanfor følgjer samandrag, kommentar og tilråding knytt til merknad av 11.04.2017:

Merknaden frå Johannes Hauge, dat.11.04.2017, på vegne av Einar Nygard: Johannes Hauge viser innleiingsvis til at reguleringsframlegget for Heggmyrane ikkje er forankra i overordna planar, verken i den private «Masterplanen» som var handsama i kommunestyret, eller i seinare vedteken arealdel av kommuneplan. Han meiner også at reguleringsarbeidet må ta utgangspunkt i gjeldande avtalar mellom Sogn Skisenter og grunneigarane. Det kan stillast spørsmål om planleggjaren sin planleggingsteoretiske bakgrunn og sunne fornuft. Einar Nygard meiner også at planleggjarane ikkje har oversikt over kva som er vedteke av kommunestyret og feilinformerer både politikarar og andre. Kommunestyret har t.d. ikkje vedteke at det skal byggjast hoppbakkar, anlegg for skiskyting eller asfaltert rulleskiløype. Formuleringar i reguleringsføresegnene, pkt. 4.12 og 5.8 er elles stikk i strid med inngådde avtalar, jf. ovanfor.

Når det gjeld konkrete tilhøve har Einar Nygard følgjande merknader:

Einar Nygard har sett opp ny, stor hytte som blir mykje brukt. Hytta ligg om lag 100 m frå planlagd standplass på skytebana for skiskyting. Om anlegg for skiskyting blir realisert som planlagt, blir hytta ubrukeleg. Einar Nygard og familien vil kjempe for at dette ikkje blir gjennomført.

Asta og Einar Nygard krev følgjande endringar av planframlegget:

- Skytebana blir fjerna.
- Hoppbakkane blir fjerna.

- Planlagd veg forbi hytta blir teken ut.

Kommentar til merknad av 11.04.2017.

Ettersom Einar Nygard har kome med ny merknad, dat.07.07.2017, merknad nr. 7 i saksutgreiinga, må desse sjåast i samanheng.

I den siste merknaden har Nygard i det vesentlege innvendingar mot planprosess og informasjonssvikt frå Luster kommune si side. Tilsvarende innvendingane er komne fram i merknaden av 11.04.2017.

Kommunestyret vedtok i møte 13.12.2012 at dei sentrale delane av skiområdet på Heggmyrane skulle omregulerast. Planprogrammet for reguleringsplanen vart vedteke av plan- og forvaltningsstyret i møte 17.11.2015. Her er hoppbakkar, skiskyttarstadion, sykkelstiar og rulleskiløype lista opp som aktuelle anlegg i området.

For den meir generelle delen av merknaden blir det også vist til kommentarar og tilrådingar knytt til merknader frå Johannes Hauge, handsama som merknad nr. 10. Det same gjeld merknader knytte til reguleringsføresgnene.

Tilråding:

Merknaden blir ikkje teken til følgje. Planframlegget blir uendra for det som gjeld skiskyttaranlegg, hoppbakkar og veg SKV4.

Jarle Skartun
rådmann